



Informerte i møtet: Anette Huse Borgen, Veronica T. Thorsen og Gunn Heidi Eikemo Stene Foto: Ola Matti Mathisen

Møtet om mobbing i denne veka var nyttig og lærerikt for foreldra fordi dei veit for lite om den digitale verda og ikkje er medvitne nok på borna sine aktivitetar på nettet. Det seier FAU-leiar Johannes Hjørnevåg til Kvinnheringen. Han vil no følgja meir med på ungane sin nettbruk, ikkje minst kva nettspel dei brukar,

Men han er ikkje overraska over at så mange ved dei 4 skulane kjende til tilfelle av mobbing, Dei er veldig opptekne av det.

På helsestasjonen har dei konstatert at elevar vorte utsett for mobbing i fleire år utan at det er oppdaga opplyste psykisk helsearbeidar

Anette Huse Borgen på møtet.

4 av 10 born har vorte mobba på nettet
opplyste Kjetil Fyllingen frå Barnevakten i Bergen.
Men når dei opplever det vågar dei ikkje å ta
kontakt med foreldra fordi dei er redde for å verta nekta
adgang til nettet eller få kjeft.